

## Tips oss

Telefon: 57 88 53 10  
redaksjon@fjordabladet.no

Følg oss på  
sosiale medium



## Vil du annonsere?



16 lokale mediehus i ei felles annonseplattform.  
Kontakt annonse@fjordabladet.no – Telefon 23 88 94 99



Sogn og Fjordane Sp var samla til årsmøte laurdag.

FOTO: VESTLAND SP

# Ny fylkesleiar i Sogn og Fjordane Sp

Ivar Kvalen er den nye fylkesleiar i Sogn og Fjordane Senterparti.

INGEBJØRG NILSEN  
ins@fjordabladet.no

Kvalen frå Luster vart laurdag vald til ny fylkesleiar i Sogn og Fjordane Senterparti.

Han har lang fartstid i Senterpartiet. Kvalen har fleire periodar som ordførar bak seg, og arbeider no som næringsjef i Luster kommune. Han har også god erfaring frå styre og stell, og sit mellom anna som styreleiar i Musea i Sogn og Fjordane.

– Det er veldig kjekt å få ta til på leiarvervet i Sogn og Fjordane Sp. Det er eit parti og ein organisasjon eg har delteke i og som har vore ein stor del av livet mitt i snart 35 år. Det er og med litt ærefrykt eg tek til. Senterpartiet har lange politiske tradisjonar og har i stor grad vore det styrande partiet i Sogn og Fjordane og Vestland. Eg gler meg til å ta til og ser fram til mykje godt arbeid i organisasjonen, kommenterer han i ei pressemelding etter årsmøtet.

**Resten av fylkesstyret ser slik ut:**

Fylkesleiar : Ivar Kvalen - Luster

1. nestleiar : Leidulf Gloppestad – Gloppen - ikkje på val

2. nestleiar: Silje Åsnes Skarstein - Stryn - ikkje på val

Studieleiar: Stine Fjellkårsstad - Stryn

Styremedlem: David Underdal – Aurland - ikkje på val

Styremedlem: Emma Berge Ness - Sunnfjord

Styremedlem: Sidsel Kongsvik - Askvoll

1.vara: Hilde Horpen - Årdal

2.vara: Nina Elise Hjartholm - Sunnfjord



Ivar Kvalen er ny fylkesleiar i Sogn og Fjordane Senterparti.

FOTO: VESTLAND SP

3.vara: Øystein Ragnar Aasebø - Stad

4.vara: Kristoffer August Vereide – Gloppen

## DØDSFALL



Mi kjære Elisabeth og beste venn, vår gode og snille mamma, vår kjære datter, syster, svigerinne og tante

### Elisabeth Høydalsvik

døydd frå oss i dag, berre 47 år gammal. Nordfjord sjukehus/Mogrenda, 24. februar 2026.

Terje

Katrine Silje

Lise-Karin - Asbjørn

Turid

Emma, Aurora

øvrige familie

Høgt elska og sårt sakna.

Gravferd frå Eid kyrkje fredag 6. mars kl. 12.00. Alle er hjarteleg velkomne.

Ver venleg ingen kondolanse ved grava.

Like kjært som blomar er ei gåve til kreftsaka. Gåva kan du gje i kyrkja eller på Elisabeth si minneside, [www.hjelmeland.as](http://www.hjelmeland.as)

## Minneord

Send tekst og ev. bilde (jpg-format) på e-post til: [redaksjon@fjordabladet.no](mailto:redaksjon@fjordabladet.no)

## God start på året for Kino-Noreg

Det vart selt over 1,5 millionar kinobilletter dei to første månadene i år. Det er ein auke på 13 prosent samanlikna med same periode i fjor.

### NPK-NTB

Totalt vart det selt 1.563.116 kinobilletter på norske kinoar i januar og februar, ifølgje ei pressemelding frå bransjeorganisasjonen Film & Kino.

I heile fjor vart det selt 8,4 millionar billetter i Noreg, men administrerande direktør Espen Lundberg Pedersen i Film

& Kino trur på vesentleg betre kinobesøk i år enn i fjor.

– Eg trur framleis at me passerer 10 millionar selde billetter i år, seier Pedersen.

Det er filmen «The Housemaid» som er den mest besøkte filmen i Noreg i år. Den hadde premiere 16. januar og er no oppe i 189.992 selde billetter. Bak følgjer «Flåklypa – Fra Paris til pyramidene» og «Avatar: Fire and Ash», som begge hadde premiere imot slutten av fjoråret.

Også norske filmar som «Kraken», «Havfolket» og «Affeksjonsverdi» er inne blant dei

10 mest sette filmene i år.

– Det er ingen tvil om at norsk film er inne i ein svært god periode, både nasjonalt og internasjonalt, seier Pedersen. (©NPK)

Filmen «Flåklypa – fra Paris til pyramidene» er den nest mest sette filmen så langt i 2026. Etter to månader har salet av kinobilletter i Noreg stige med 13 prosent. Biletet er frå festpremieren på Colosseum kino i Oslo. FOTO: JAVAD PARSA / NTB / NPK

